

2019-
2023

Strategiplan Vinje frivilligsentral



Ea Kristine Bakken
Vinje kommune
2019-2023

Strategiplan Frivilligsentralen Vinje kommune 2019-2023

1. Om Vinje frivilligsentral

Vinje kommune eig, og eining for kultur administrerer, Vinje frivilligsentral. Sentralen har ein dagleg leiar i 100%stilling med kontor på kommunehuset. Administrative oppgåver til daglige leiar er mellom anna å gjere avtaler med samarbeidspartnerar, halde seg oppdatert på nasjonale og regionale strategiar, søkje på midlar, hjelpe lag og organisasjonar på førespurnad. Vedlikehalde og oppdatere nettsider, syte for møtepunkt mellom dei som ynskjer hjelp og dei som vil gje hjelp.

2. Overordna målsetting for Vinje frivilligsentral

Frivilligsentralen i Vinje skal vere eit kontaktpunkt og bindeledd mellom dei som ynskjer å yte, og dei som ynskjer å ta imot frivillig innsats. Sentralen skal fungere som brubyggjar for menneske, frivillige organisasjonar, samanslutningar og det offentlege. Frivilligsentralen sin funksjon er i hovudsak å initiere, mobilisere og samordne frivillig innsats i kommunen. Sentralen skal stimulere einskildpersonar og grupper i Vinje til å bruke seg sjølv i frivillig arbeid ved å:

- vere ein pådrivar og legge til rette for frivillig arbeid.
- vere ein ressurs for frivillig arbeid i Vinje.
- synleggjere eksisterande frivillig arbeid.
- utvikle gode samarbeidsformer mellom profesjonelle og frivillige.
- bidra til auka samarbeid mellom ulike frivillige organisasjonar og grupper.
- stimulere frivillige til å melde behov til frivilligsentralen og offentlege etatar.
- vere eit supplement til dei offentlege tenestetilboda

3. KUD sine retningsliner for drift av frivilligsentralar

KUD tok over ansvaret for tilskotet til drift av Frivilligsentralar/Nærmiljøsentralar 01.01.05. Då vart det utarbeidd nye retningsliner for drift av frivilligsentralar. Kulturministeren er også Frivilligminister. I retningslinene står det m.a.

Formål:

Møte mellom menneske

Frivilligsentralar/nærmiljøsentralar (heretter kalla sentralar) skal vere ein lokalt forankra sentral som er open for alle med lyst til å vere med i frivillig verksemd.

- Sentralen skal utviklast av dei menneska som er knytt til sentralen
- Sentralen skal vere eit kraftsenter og kontaktpunkt for menneske, foreiningar/lag og det offentlege.

Verksemd:

- Sentralen skal ta initiativ til, mobilisere og samordne frivillig aktivitet.
- Aktivitetane skal bli lagt opp i tråd med lokale føresetnader og behov og vere med på å utvikle sentralen.
- Aktivitetane skal vere eit tillegg til offentleg verksemd.
- Det bør bli lagt vekt på eit samspel mellom frivillig og offentleg innsats på område det er naturleg å samarbeide om.
- Sentralen eller dei frivillige som er knytt til sentralen, kan ikkje ta imot betaling utover godtgjersle for direkte utlegg.

Finansiering:

- Søknad om statsmidlar for kommande år skal sendast til KUD innan 30. juni og innehalde målsetjing og budsjett.
- Rammene for tilskotet blir fastsett i statsbudsjettet.
- Statstilskotet skal brukast til å dekkje delar av lønnskostnadene til den daglege leiaren.
- Maksimalt tilskot krev at den daglege leiaren er tilsett i 100 prosent stilling, og at det er minst 40 prosent lokal finansiering av drifta.
- Statstilskotet skal ikkje nyttast til driftstøtte til den ordinære aktiviteten i organisasjonar.
- Dersom revisorgodkjend rekneskap og rapport ikkje ligg føre innan den vedtekne fristen, kan sentralen miste statstilskotet for komande år.

4. Overordna profil

- Vinje Frivilligsentral skal vere ressurscenter for alle typer frivillig aktivitet i Vinje kommune.
- Vinje Frivilligsentral skal ha oversyn over den frivillige aktiviteten i kommunen, og bidra til å gjera den synleg
- Vinje Frivilligsentral skal legge til rette for sjølvhjelpsgrupper og møtestader som genererer trivsel og ny frivillig aktivitet i kommunen.
- Vinje Frivilligsentral startar opp og/eller driv aktivitetar og møteplassar på dei frivillige sine premissar. Nye aktivitetar vert sett i gang etter initiativ frå dei frivillige, eller på førespurnad frå kommunen.

5. konkretisering av arbeidsmetode

a. Hovudregel:

- Frivilligsentralen sin aktivitet blir forma av dei frivillige sitt engasjement og vilje til å sette noko ut i livet.

b. Motivere og mobilisere

- Frivilligsentralen skal mobilisere og motivere dei frivillige i den innsatsen dei gjer. Dei frivillige sine behov står i fremste rekkje for alt arbeid.

c. Nyskapande:

- Nye idear til frivillig aktivitet skal få vekstvilkår gjennom Frivilligsentralen.
- Vi skal våge å gå nye vegar, der etablerte organisasjonar, kommune, næringsliv ikkje har aktivitetar som dekkjer.

d. Sjølvhjelp:

- Frivillig engasjement er ein naturressurs som kan bli pleia, nytta og gjeve betre vekstvilkår. Å engasjere seg i frivillig arbeid er å deltake i ein folkehelseaktivitet. Einskildindividet kjem styrka ut som person dersom det engasjerer seg for felleskapet.
- Frivillige sjølvhjelpsgrupper kan få rådgjeving om oppstart der det er trong for det.

f. Rekruttering:

- Ved å vere synlege og lett tilgjengelege vert det lettare å nå oss. Sentralen skal difor ha ein tydeleg profil på nett, vera tilgjengeleg på telefon og vera synleg blant dei frivillige.
- Rekruttering av nye frivillige er lettast å få til gjennom dei frivillige og samarbeidspartnarane sine nettverk.
- Vinje Frivilligsentral skal ha faste rutinar for å vise dei frivillige at dei blir verdsette.
- Dei frivillige skal ha høve til å få den opplæring/informasjon dei treng for å utføre oppgåva si.
- Frivilligsentralen i Vinje skal nå ut til dei grupper og einskildpersonar som normalt ikkje engasjerer seg i frivillig arbeid, eller som treng ekstra tilrettelegging for å kunne gjere det.

g. Synleggjering av frivillig arbeid

- Vinje Frivilligsentral skal rapportere og synleggjere aktivitet til media, det offentlege og næringslivet.

6. Hovudsatsing i planperioden

Vinje Frivilligsentral vil konsentrere aktiviteten sin rundt 4 hovudsatsingsområder i perioden 2019 – 2023:

- Legge til rette for sosiale møteplassar
- Ut i aktivitet (trening, trim og friluftsliv)
- Frivillige i integreringsarbeid/fleirkulturelt arbeid
- Ressurscenter for frivillig aktivitet

Dei fleste aktivitetane vi driv i dag kan bli lagt inn under ein av desse paraplyane. I tillegg er dette i samsvar med dei tankar Vinje kommune har formidla som ynskje om kva vi skal drive med. Det samsvarar også med nasjonale strategiar.

Frivillighet lev av lyst og døyr av tvang.